

Referat frå møtet i styringsgruppa for bygdevekstavgift

Møte: Bygdevekstavgift for Vest-Telemark
Møtetidspunkt: Tysdag 16. april 2024 kl. 10.00 - 14.00
Møtestad: Telemark næringsshage, møterom Kjøla

Desse møtte:

Telemark fylkeskommune:	Lene Hennum
Telemark fylkeskommune:	Hans Jacob Edvardsen
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark:	Morten Wollebæk Lewin (deltek på teams)
Næringskollegiet i Vest-Telemark:	Åse Ingebjørg Flateland
Vest-Telemarkrådet:	Anne Aasmundtveit og Torunn Raftenvold Rue

Forfall:

Kommunedirektørutvalet i Vest-Telemark: Ulf Pedersen

Sakliste:

1. Off. anskaffingar – lyse ut på Doffin – konsulentarbeid, jf vedtak i rådet 19. mars:
Vest-Telemarkrådet godkjenner forslag til prosess og framdriftsplan for prosjektet Bygdevekstavgift. Statusrapportering om framdrift skal leggjast fram til rådet på kvart møte. Administrasjonen får i oppgåve å legge ut rammeavtaler på tenestekjøp på anbod.

Innsatsområda er snevra inn frå fem til tre. **Desse tre er prioritert:**

- 1) **Korleis redusere økonomisk risiko ved bustadbygging i distrikta**
- 2) **Fleire arbeidsplassar i privat sektor**
- 3) **Meir kompetanse i helse og oppvekst**

Tilbakemelding frå styringsgruppa (SG): Hugse kompetanse, bustader og innvandrarakar.

Konklusjon: Anne orienterte. Vest-Telemarkrådet lyser ut konkurranse på Doffin 17. april 2024. Vi stiller kr 250.000 til rådvelde for kvart delprosjekt; totalt kr 750.000 + mva. Svarfrist for å kome med tilbod er 29. mai kl 12.

2. Verkstad og politisk involvering på Vest-Telemarktinget 23. april for alle formannskapa i dei seks kommunane. Anne orienterte litt om opplegget som er tenkt. VT-rådet engasjerer Levain consulting ved Cathrine Haare Aldorino og Linda Vik.

Tilbakemelding frå SG: Utfordre fylkespolitikarane som er til stades.

Medverknad elles framover:

- Næringskollegiet 19. april
- Ungdomsrådssamling i Vest-Telemark 13. mai
- Kommunedirektørutvalet 5.-6. juni

Politisk møte med KDD 21. mai i Kviteseid. Vi arbeider med programmet og opplegget. Aktuelt: Stopp i Seljord på Dyrskun, utbygging av leilegheiter/bustader, næringsshagen i Kviteseid, presentasjon av utfordringane til kvar kommune og av lokale bedrifter frå ulike kommunar.

3. Møtet med KDD 26. april der dette vil vere agendaen (som KDD skreiv i e-post 22.03.2024):
 - Leveransen 30. juni. 30. juni skal pilotene levere et førsteutkast til avtale sammen med underlag med begrunnelse for valg og prioriteringer.
 - De politiske møtene. Hvordan legger vi opp de politiske møtene for å sikre at de kan brukes til å gi mest mulig fremdrift i arbeidet.
 - Roller, ansvar og samarbeid. Hvilke roller har de ulike aktørene i arbeidet, og hvilke roller kan de ha? Hvordan kan vi legge til rette for en god ansvarfordeling og godt samarbeid

Det vil ellers være fint mulig å spille inn ønsker til denne agendaen».

Innspel og spørsmål som kom fram i SG:

- Prosjektgrupper til dei ulike delmåla. Involvere fleire? Korleis gjere det enkelt? Kvar skal vi?
- Involvere og engasjere næringskollegiet og kommunedirektørutvalet i Vest-Telemark. I tillegg bør vi også involvere kommuneplanleggarane, særleg til delmål 1. Møta kan vere både på teams og fysiske.
- Lærlingplassar er viktige. Nokre kommunar har kontakt med bedrifter og fylkeskommunen.
- Viktig å involvere USN. Kva treng vi dei neste fem åra? Kva treng kommunane?
- Udir er ein aktuell medspelar når det gjeld kompetanse. Utdanning der ein bur, behov og moglegheiter. Kompetansehevande tiltak i nærmiljøet er veldig bra.
- Lokale ressursar er viktige for framtidsretta arbeidsplassar i privat sektor.

Konklusjon: 1) Næringskollegiet (NK) blir utfordra til å vere arbeidsgruppe for delmål 2) *Fleire arbeidsplassar i privat sektor* og bidra med kunnskapsgrunnlaget m.v. til dette delmålet.
2) Vi spør kommunedirektørutvalet (KDU) om å vere arbeidsgruppe for delmål 3) *Kompetanse i helse og oppvekst*.

4. Bustadmeldinga – Meld. St. 13 (2023-2024) og pilotprosjekt som Senja kommune har samfinansiert med Husbanken: <https://www.senja.kommune.no/prosjekter/pilot-senja-boligbygging-i-distriktene.14371.aspx>
Torunn orienterte og gav ei veldig kort oppsummering av bustadmeldinga.
Interessant at bustadbygginga blei sterkt subsidiert 1970-talet med m.a. momskompensasjon og rimelege lån frå Husbanken, jf bustadmeldinga.

Tilbakemelding frå SG: Riksantikvaren, Distriktssenteret, ENOVA, Husbanken, div. dept., næring, helse og Innovasjon Norge er viktige å involvere.

Hugse på alle møte i SG:

Læring/mål med møtet og evaluering skal vere eit punkt på alle møte i styringsgruppa.

Berekraftsmål som vil liggje til grunn for utviklinga av ei bygdevekstavgift:

8 - Anstendig arbeid og økonomisk vekst

9 - Industri, innovasjon og infrastruktur

11- Berekraftige byar og lokalsamfunn

12 - Ansvarleg forbruk og produksjon

17 - Samarbeid for å nå måla

Neste møte – tid og stad:

Teamsmøte **måndag 13. mai** kl 9-11 (innkalling er sendt)

Fysisk møte **måndag 17. juni** i Kviteseid kl 10-14 (innkalling er sendt)

Ref. TRR